



Arkivnr: 2017/17538-3

Saksbehandlar: Even Vaular

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for miljø og samferdsel		14.03.2018
Fylkesutvalet		11.04.2018

## Omklassifisering av Lundssvingane Fv48 i Kvinnherad kommune

### Samandrag

Ein ny vegtrase på Fv48 over Lundsneset i Kvinnherad kommune er under bygging. Prosjektet inngår i den kommande Kvinnheradpakken og erstattar dagens vegtrasé ytst på neset som hovudveg i området. Dagens trasé er difor aktuell for omklassifisering. Etter felles synfaring og uttale frå kommunen, har Statens vegvesen kome med tilråding i saka. Med opning av ny vegtrasé vert eksisterande veg stengd for gjennomkøyring, og vert ein rein tilkomstveg for eit mindre tal bustader, fritidsbustader og naust. Vegen vil då ikkje lengre oppfylle funksjonen til ein fylkesveg. I gjennomføringsavtalen mellom Kvinnherad kommune og Statens vegvesen har kommunen forplikta seg til å rusta opp og overta eksisterande veg når ny fylkesveg og gang- og sykkelveg vert overlevert fylkeskommunen. Kostnadane knytt til omklassifiseringa frå fylkesveg til kommunal veg inngår i det nye vegprosjektet. Kommunen har ingen innvendingar mot vegvesenet si tilråding i saka.

**Økonomi:** Kostnadar til utbetring av dagens vegtrasé inngår i prosjektet Lundssvingane. Reduksjon i meter fylkesveg medfører noko reduksjon i rammetilskotet til fylkeskommunen, men også reduserte drifts- og vedlikehaldskostnadar.

**Klima:** Tiltaket vil ha liten eller ingen innverknad på klimaet.

**Folkehelse:** Det er tenkt at dagens vegtrasé skal stengast av for gjennomgangstrafikk, noko som kan auka tryggleiken til mjuke trafikantar som nyttar strekninga.

**Regional planstrategi:** Det er ingen direkte samanheng mellom tiltaket og mål og strategiar i Regional planstrategi 2016-2020.

### Forslag til innstilling

I tråd med vilkåra i tilrådinga frå Statens vegvesen og gjennomføringsavtale mellom Statens vegvesen og Kvinnherad kommune (dagsett 27. februar 2017), vert Fv48 på Lundsneset i Kvinnherad kommune, *hovudparsell 11 km 0-411 – 0,824, lengde 413 meter*, omklassifisert til kommunal veg.

Vedtaket trer i kraft når ny fylkesveg og ny gang- og sykkelveg over Lundsneset vert formelt overlevert Hordaland fylkeskommune.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen  
fylkesdirektør samferdsel

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Vedlegg

- 1 Omklassifisering av Lundssvingane Fv48 i Kvinnherad kommune - tilråding frå Statens vegvesen
- 2 Gjennomføringsavtale SVV Kvinnherad kommune av 27/2-17
- 3 Uttale frå Kvinnherad kommune - omklassifisering Lundssvingane Fv48

## Fylkesrådmannen, 27.02.2018

### Bakgrunn

Saka gjeld omklassifisering av eksisterande vegtrase ved Lundsneset på Fv48 i Kvinnherad, der det blir bygd ny trasé som erstattar dagens vegtrase som hovudveg i området. Prosjektet inngår i den kommande Kvinnheradpakken. Fylkestinget slutta seg til realisering av prosjektet då dei handsama saka «Fylkesvegprosjekt i Kvinnherad - forskottering i framtidig Kvinnheradpakke» (PS 16/2017) i møtet 7. mars 2017.

Statens vegvesen har i brev dagsett 16. februar 2018 kome med tilråding i saka. I tråd med veglova §7 har vegvesenet innhenta uttale frå kommunen. Endeleg vedtak vert gjort av fylkesutvalet i Hordaland.

### Saksopplysingar

Fylkesveg 48 er hovudvegen mellom Rosendal og Husnes. Vegstrekninga som er aktuell for omklassifisering (sjå figur, raud strek) har ein årsdøgntrafikk (ÅDT) på 2700, med 8 prosent større køyretøy. Fartsgrensa er sett til 60 km/t, men siktilhøve og kurvatur tilseier 30-40 km/t. Mjuka trafikantar går i vegen då det ikkje er tilbod til gåande og syklande på strekninga.

Kvinnherad kommune står som byggherre på den nye delstrekninga. Den nye strekninga (sjå figur, blå strek) skal bøta på dei utfordringane gamlevegen har, med betre kurvatur og sikt, og med 3 meter brei gang- og sykkelveg langs vegtraseen. Gamlevegen vert stengd i nord når den nye vegtraseen vert opna, og vert då ein tilkomstveg til bustader, fritidsbustader og naust. Langs vegen vert det tilrettelagt med parkeringsplassar. Ny vegtrase er venta ferdigstilt til april 2018.



Figur 1: Blå strek = ny vegstrekning, raud strek = eksisterande vegstrekning

Statens vegvesen og Kvinnherad kommune gjennomførte 8. juni 2017 felles synfaring av gamlevegen med tanke på ei framtidig omklassifisering. Målet var å kartlegga kva tiltak ein må gjennomføra for å tilfredstilla krava i NA-rundskriv 97/13<sup>1</sup>. Rundskrivet omhandlar tekniske krav som skal sikra at omklassifisert veg er i tilfredsstillande stand ved overføring til ny vegeigar.

### Vurdering av klassifisering

Planlagt stenging av gamlevegen i nord vil gjera vegen til ein blindveg med tilkomst til eit mindre nærrområde. Det er såleis ikkje lengre grunnlag for at vegen skal reknast som fylkesveg, etter gjeldande kriterium for grensedraging mellom fylkeskommunale og kommunale vegar<sup>2</sup>. Der heiter det mellom anna at «ein fylkesveg skal ha eit befolkningsunderlag på minst 50 personer», og at den «skal føres fram til kontakt med jernbanestasjon, flyplass, rutebilterminal, eller kai av regional betydning».

<sup>1</sup> NA-rundskriv 97/13 «Retningslinjer for tekniske krav til veg som skal omklassifiserast – ikrafttredelse av vegloven §7».

<sup>2</sup> Kriteria går fram av Samferdselsdepartementet sitt brev til fylkeskommunane av 26. mars 1985.

I gjennomføringsavtalen (av 27. februar 2017) mellom Statens vegvesen og Kvinnherad kommune, som regulerer dei formelle sidene kring utbygginga av ny vegtrasé, er det avtalt av Kvinnherad kommune skal overta gamlevegen og kostnadane ved omklassifisering frå fylkesveg til kommunal veg.

Statens vegvesen sendte forslag til omklassifisering på høyring til Kvinnherad kommune 6. desember 2017. Kommunen kom med uttale i brev dagsett 26. januar 2018. Dei ber om at formell omklassifisering til kommunal veg «*vert gjort gjeldande frå den dag anlegget med ny fylkesveg og gang/sykkelveg vert formelt overlevert Hordaland fylkeskommune*».

#### **Fylkesrådmannen si tilråding**

Fylkesrådmannen rår til at eksisterande vegstrekning på Fv48 langs yttersida av Lundsneset i Kvinnherad kommune, vert omklassifisert frå fylkesveg til kommunal veg, i tråd med dei vilkåra som kjem fram av vegvesenet si tilråding, samt gjennomføringsavtalen mellom Statens vegvesen og Kvinnherad kommune (dagsett 27. februar 2017). Vedtaket trer i kraft når ny fylkesveg og ny gang- og sykkelveg over Lundsneset vert formelt overlevert Hordaland fylkeskommune.